
Vår referanse 2020/49854-5
Dato 29.04.2021

ARKITEKT METTE KYED THORSON
KVALEN 16
5955 LINDÅS

Løyve - Dispensasjon frå byggegrense - gnr 433 bnr 14 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense for bruksendring, datert 30.03.2021.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5484 Radøyvegen for å etablere uthus som ei bruksendring frå våningshus på gnr. 433 bnr. 14 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 04.05.2020.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5484 Radøyvegen skal vera minst 27,5 meter.
3. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5484.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 1500. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. *Rammeplan 2021-2024*.

Det er bygga eit nytt våningshus på eigedom gnr 433 bnr 14, kor det vart gjeve vilkår om at det eksisterande våningshuset skulle rivast eller bruksendrast. Alver kommune gjeve dispensasjon til bruksendring for det gamle våningshuset frå bustad til uthus. Det er difor søka om dispensasjon frå byggegrense til veg for bruksendring.

Tiltaket det vert søka om gjeld ein eksisterande bygning, som ikkje er i konflikt med siktliner eller bruk av fylkesvegen. Etter ei samla vurdering gjev vi løyve til bruksendring frå våningshus til uthus.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen

til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Har du spørsmål i saka kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på e-post lillian.bakke.byrknes@vlfk.no.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4